



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Att:

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

## Fiskeridirektoratet si fråsegn til konsesjonssøknad for ny 66 (132) kV kraftleidning mellom Midtfjellet på Fitjar og Tysnes

Vi syner til oversending frå Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) datert 14.02.25.

### Saka gjeld

Fagne AS søker om konsesjon etter energilova for etablering av om lag 12,8 km ny 66 (132) kV kraftleidning og sjøkabel i Fitjar og Tysnes kommune og ny Tjøreneset transformatorstasjon. Tiltaket er konsekvensutgreia av Norconsult, og blant tema er fiskeri, havbruk og marint naturmangfald. NVE ønskjer innspel til kva vi meiner om tiltaket, om konsekvensane er godt nok utgreia, og forslag til eventuelle justeringar av planane for å redusere moglege negative verknadar av tiltaket.

### Fiskeridirektoratet sin rolle

Fiskeridirektoratet skal ivareta marine ressursar og marint miljø samt bidra til at fiskeri- og akvakulturnæringa får gode rammevilkår. Vi har på denne bakgrunn vurdert det aktuelle tiltaket ut i frå fiskeri- og akvakulturinteresser, deriblant omsynet til marint biologisk mangfald.

### Fiskeri- og akvakulturinteresser i område

Fiskeridirektoratet har over tid registrert kystnære fiskeridata (bruks- og ressursområder for fiskeriinteressene). Registrerte områder kan sjåast i kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#).

Kartløysinga inneheld også data om akvakultur og marint biologisk mangfald.

I tiltaksområde er det registrert to låssettjingsplassar; ein i Engjavikvågen og ein i Vistvika. Akvakulturlokalitetane 16755 Hageberg og 18015 Hestabyneset ligg på kvar sin side av Langenuen, søraust for planlagd kraftkabel. Det er registrert korallførekomst i nedste del av Langenuen, og område er verna i form av eit forbodsområde jf. forskrift om beskyttelse av korallrev mot ødeleggjelser som følge av fiskeriaktivitet (fig. 1). I tillegg har Artsdatabanken fleire registreringar av korallar mellom forbodsområde og planlagd kabeltrasé.

Sporingsdata, fangstdata og historikk for innmeldt faststående bruk syner noko garn- og teinefiske i tiltaksområde.




Fig 1. Kystnære fiskeridata i Yggdrasil



Fig 2. Planlagd kraftkabel (bilette frå oversending)

## Vurdering

Fiskeridirektoratet meiner konsekvensutgreiingane i tilstrekkeleg grad belyser fiskeri, akvakultur og marint biologisk mangfald i område og korleis tiltaket vil påverke desse interessene både i anleggsfase og driftsfase. Vidare er vi tilfredse med vurdering av alternative trasear og metodar for ilandføring.

### *Fiskeri og akvakultur*

Norconsult har vektlagt viktigheita av god dialog med innehavar av akvakulturlokalitetane for å sikre at konfliktpotensiale vert lavast mogleg. Vi noterer oss at Norconsult har forsøkt å få fråsegn frå lokalt fiskarlag, men at de ikkje har motteke innspel.

Ein konsekvens av ankringsforbod i låssetjingsplassar er at plassen vert meir eller mindre utilgjengeleg, og vår generelle tilråding er at ilandføringspunkt ikkje bør vere i låssetjingsplassar. Fiskeridirektoratet har grunn til å tru at dei aktuelle låssetjingsplassane ikkje er i bruk basert på fråværet av innrapporterte låssett til Norges Sildesalgslag. Vi oppmodar likevel framleis til å involvere Sør-Norges fiskarlag og i tillegg Norges Sildeslagslag for å stadfeste om plassane er nytta eller ikkje og i kva grad. Norconsult har også peika på at «Dersom opplysninger i høringsrunden tilsier at låssettingsplassen er i bruk, at den er svært viktig for fiskeriaktørar i området og sjøkabelen er i konflikt med låssettingsplassen, bør det vurderes tiltak for å redusere de negative virkningene». Vi gjer merksam på at dersom plassane er i bruk kan dette sette avgrensingar for når ein eventuelt kan spyle/grave ned kabelen dersom dette er aktuelt. Basert på alternativa som er presentert i søknaden vil alternativ 2.2.1, etter det i kan sjå, gå utanom låssetjingsplassane.

I områder der det nyttast passive botnberørande reiskap, som i dette tilfelle er garn og teiner, er det risiko for at dreggar vil kunne hekte i kablane. Kabelen bør i så stor grad som mogleg følgje botntopografien, og ikkje ha frie heng i vassmassane. Det er viktig at den vert lagt slik at dei ikkje kan forandre leie eller flyte opp. Norconsult har anbefalt at kabelen utformast slik at den unngår at fiskereiskap hefter seg fast. Vi er også tilfredse med tilrådinga om at anleggsarbeidet skal varslast til fiskarlaget.

Norconsult skildrar at anleggsarbeidet kan påverke akvakulturanlegga negativt som følgje av oppvirvla sediment og støy under vatn. Vi er samd i at det må vere ein tett dialog med eigarane av lokalitetane for å samkøyre arbeidet med drifta ved anlegget. Dersom påverknadsgraden er uakseptabel kan det være naudsynt å utføre arbeidet når anlegga ligg brakk. Dette gjeld særleg dersom det skal sprengast under vatn i samband med ilandføringar. Vi noterer oss at bruk av boblegardin er vurdert til å vere utfordrande i tiltaksområde, og vi er samd i at ein bør finne alternativ til sprenging.

### *Marint naturmangfald*

I samband med konsekvensutgreiinga vert det utført ei kartlegging av naturtypar i tiltaksområde i januar 2024. Norconsult har observert tareskog langs planlagd kabeltrasé. Det er også korallar i nærleiken av kabeltraseen. Tareskog ein marin naturtype som vanlegvis vil reetablere seg etter at ein kabel er lagt gjennom dei. Vanlegvis vil dei negative konsekvensane av anleggsperioden difor vere avgrensa og av kortvarig karakter for denne naturtypen. Dersom det ligg til rette for det, til dømes gjennom justeringar av kabeltraseen, er det likevel ein fordel om kablar kan leggest utanom områda. Vi registrerer at alternativ 2.2.1 går utanom tareskogen.

Reetablering av korallar tek svært lang tid, og kablar bør ikkje leggest gjennom korallrev eller sjeldne/raudlista korallførekomstar. Ut i frå det vi kan sjå at konsekvensutgreiinga er det teke omsyn til dei registrerte førekomstane. For arbeid som kan medføre spreining av partiklar har Norconsult anbefalt å utføre anleggsarbeidet utanfor den tida det er høg biologisk aktivitet i sjø. Vi støtter denne anbefalinga.

### **Konklusjon**

Etter det vi las utav konsekvensutgreiingane vil traséalternativ 2.2.1 vere det alternativet som har lågast konfliktpotensiale med dei interessene vi skal ta i vare. Norconsult har, basert på funn i kartlegginga, anbefalt fleire avbøtande tiltak i både anleggs- og driftsfasen for å redusere negativ påverknad på fiskeri, akvakultur og omkringliggende marint miljø.



Fiskeridirektoratet er tilfredse med dei avbøtande tiltaka som er føreslått. Vi kan ikkje sjå manglar ved konsekvensutgreiinga.

Med helsing

Tom Hansen  
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

**Kopi til:**

Fitjar Kommune	Postboks 83	5418	Fitjar
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Sør-Norges Fiskarlag	Postboks 936	6001	Ålesund
Tysnes Kommune	Uggdalsvegen 301	5685	Uggdal

